


OTTE-STEINEN OG OTTE-TAVLA



I Leivdalen, Otte-stein og steintavla



Fotomontasje



Tekst på steintavla

Nordfjordingar er trygge og trauste med beina godt planta på jorda. I andre delar av landet hender det at folk lettar frå marka og gjerne fabulerer omkring gammalt og unyttig.

Vi har eit steinklenodium her i bygda, Ottesteinen, og attmed ligg også ein over 100 år gammal steintavle med innhogd tekst.

Otte Leivdal var sers stor og sterk. Han skal ha løfta steinen ut av marka, eg har min eigen teori om korleis. I 1681 kom han i slagsmål, og grannen vart liggjande død. Då vart han dømd frå gods og liv, og gøymde seg som fredlaus. Dottera Synnøve Ottedotter, ei 30 år gammal småbarnsmor, gardkjerring på Åsebøstøl ved Hornindalsvatnet, bestemte seg for å dra til Kongen i København, og be om nåde for sin far. Utruleg nok fekk ho audiens og tala så godt for seg at Kongen gav ordre om ny handsaming i eit Kongebrev stila til sorenskrivar Peder Kaatte.

Originalen ligg Riksarkivet, og kopi i ein safe i Leivdalen. Otte fekk til slutt bot, men vart elles frikjend.

Far og dotter vart signa i kyrkja, dottera i ei kjole ho hadde fått i gåve av dronninga.

I Seljord skryt dei ikkje berre av sjøormen sin.

På sokkel ved kyrkja står det ein kjempestein med denne plakett:

**Denne steinen hev
STERKE NILS 1722-1800
lyft > 570 kg**

Torkel Ravndal (1936-2004)
løfta steinen med lenkjer i 1973,
bekrefta av lensmannen.